

VEDTEKTER FOR ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF

Vedtekne av Ulstein kommunestyre 21.11.02 med endringar vedtekne i same 05.02.04 og den 01.04.04. Samt endring i vedtektene §7, kommunestyret 24.09.09. Endring i vedtektene §12, kommunestyret 13.12. 2013.

KAP. 1 ALMINNELEGE BESTEMMINGAR

§ 1 NAMN, SELSKAPSFORM

Føretakets namn er Ulstein Eigedomsselskap KF.

Føretaket er eit kommunalt føretak oppretta i samsvar med vedtak i Ulstein kommunestyre, sak nr. 02/0089 i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992 med endringar, kap. 11 § 61-75.

§ 2 FØREMÅL

1. Føretaket sitt føremål er å vere ein reiskap for gjennomføring av Ulstein kommune sin bustadpolitikk og å sikre at kommunen har føremålstenelege bygg for si øvrige verksemd og tenesteyting. Føretaket skal syte for å ta i vare bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av disse bygningane/eigedomane på ein effektiv måte.

Føretaket skal gjennom å eige, forvalte, vedlikehalde, rehabilitere, byggje nye, kjøp og sal av eigedomane syte for at eigedomane vert utvikla i samsvar med kommunen sine målsettingar for servicenivå og utvikling.

2. Føretaket kan ta del som eigar i andre selskap når det ligg innanfor føretaket sitt føremål og dei rammer kommunelova og eventuelt andre lover/føresegner angir for kommunen si deltaking i selskap/forretningsdrift.

Føretaket kan og leige inn eigedomsmasse og gå inn i framleigekontrakt når dette tener dei føremål føretaket skal ivareta.

3. Disponeringa av eigedomane som ein reiskap i kommunal verksemd skal ivaretakast av dei aktuelle fagetatar i kommunen.
4. Føretaket kan ta på seg andre oppgåver som kommunestyret pålegg føretaket.

§ 3 FORRETNINGSKONTOR

Føretaket har sitt forretningskontor i Ulstein kommune.

KAP. 2 KOMMUNESTYRET

§ 4 KOMMUNESTYRET

1. Kommunestyret skal vedta budsjett, økonomiplan, årsrapport og godkjenne rekneskapen til føretaket.
2. Kommunestyret skal velje medlemmar til styret i samsvar med vedtektene § 7.

§ 5 ENDRING AV VEDTEKTENE

Føretaket sine vedtekter kan endrast av Ulstein kommunestyre.

§ 6 OPPLØYSNING AV FØRETAKET

Ulstein kommunestyre kan til ei kvar tid vedta å oppløyse føretaket. Føretaket sitt heile ansvar og alle verdiar blir i så fall ført over til Ulstein kommune.

KAP. 3 STYRET

§ 7 STYRETS SAMANSETTING

1. Føretaket skal ha eit styre med 5 representantar med personlege vararepresentantar som vert valde for 2 år. Kommunestyret vel 4 representantar og 4 vararepresentantar etter tilråding frå valnemnda. Minst ein representant skal sitje i kommunestyret.
2. Ein representant med vararepresentant vert valt av og frå dei tilsette.
3. Kommunestyret vel leiar og nestleiar kvart år.
4. Starttidspunktet for nytt styre er 01. Juli.
5. For å sikre kontinuitet vert 2 representantar ved neste val valde for ein halv periode (1 år)

§ 8 STYRET SITT MYNDE

1. Føretaket blir leia av styret. Styret har mynde til å treffe avgjerd i alle saker som gjeld føretaket og føretaket si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda blir driven i samsvar med føretaket sitt føremål, vedtekter, kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett og andre vedtak eller retningsliner fastsett av kommunestyret.

2. Styret sitt mynde etter første ledd omfattar og mynde til å opprette og nedlegge stillingar og til å ta avgjersler i personalsaker.
3. Styret skal føre tilsyn med daglig leiar si leing av verksemda.

§ 9 STYREMØTE

1. Styreleiar skal syte for at styret held møte så ofte som det trengs. Medlem av styret og dagleg leiar kan krevje at styret vert kalla saman. Om styret ikkje for det einskilde tilfelle bestemmer noko anna, har dagleg leiar rett til å vere til stades og til å uttale seg på styremøta.
2. Styreleiar kallar inn til styremøte. Innkallinga skal skje med rimelig varsel, og så langt som mogleg innehalde ei sakliste.
3. Styret er vedtaksføre når minst halvparten av medlemmane er til stades.
4. Styremøta blir leia av styreleiar eller når styreleiar har forfall, nestleiar. Dersom ingen av desse er til stades, vel ein møteleiar.
5. Styret sine møte vert haldne for opne dører i samsvar med reglane i kommunelova.
6. Som styret si avgjerd gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemt for. Dei som stemmer for eit framlegg, må likevel utgjere meir enn ein tredel av samtlege styremedlemmar før framlegget skal vere vedtatt. Ved stemmelikskap er møteleiaren si stemme avgjerande.
7. Ved tilsetjingar er den tilsett som har fått meir enn halvparten av dei gitte stemmene. Dersom ingen får slikt fleirtal, held ein ny avstemning. Ved andre gongs avstemning er den tilsett som får mest stemmer. Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande. Kwart einskild styremedlem kan krevje skriftleg avstemning.
8. Styret kan, dersom det er fullsett og rådmannen er informert, treffe vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista. Vedtak om å ta opp slik sak til behandling må vere samrøystes.
9. Det skal førast protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av samtlege medlemmar av styret som var til stades på møtet. Styremedlem eller daglig leiar som ikkje er einige i styret si avgjerd, kan krevje å få si oppfatning ført inn i protokollen.

KAP. 4 DAGLEG LEIAR, REPRESENTASJON

§ 10 DAGLEG LEIAR

Føretaket skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar representerer føretaket utad i samsvar med bestemmingane i kommunelova sine §§ 71 og 73 punkt 3. Dagleg leiar skal tilsettast av styret.

§ 11 REPRESENTASJON

1. Styret representere elles føretaket utad.
2. Det inngår avtaler på kommunens vegne innafor føretaket sitt formål. Føretaket vert forplikta ved underskrift av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap.
3. Styret kan delegere rett til å forplikte selskapet til dagleg leiar innfor ramma av paragraf 71 i kommunelova. Dette gjeld ikkje for kjøp og sal av fast eigedom.

KAP. 5 PLANLEGGING OG ØKONOMIFORVALTNING

§ 12 ØKONOMIFORVALTNING

Føretaket skal ha ein økonomiforvaltning i samsvar med føresegner som gjelder for kommunale føretak etter kommunelova.

Styret skal utarbeide framlegg til budsjett, økonomiplan, årsrapport og rekneskap som blir lagt føre kommunestyret til avgjerd.

- Føretaket sin rekneskap skal først i samsvar med kommunelova.
- Internrekneskap med driftsresultat for den einkilde eigedom skal først.
- Styret har mynde til å gjennomføre investeringsprosjekt, kjøp og sal av eigedomar og å ta opp lån innanfor ramma for føretaket sitt budsjett vedteke av kommunestyret.

§ 13 REVISJON

Selskapet nyttar same revisor som Ulstein kommune.